

Temaplan for reiseliv i Vestland

2023-2025

Årsplan 2024



Innhald

Innleiing	3
Mål og satsingar	4
Delmål og tiltak for satsingane i Temaplan reiseliv i Vestland 2022 - 2025	5
Synlegheit	6
Forretningsmodell og struktur	8
Omstilling og utvikling	10
Heilårsaktivitet	12
Attraktive, lokale arbeidsplassar	14
Besøksforvaltning	16
Økonomiske verkemiddel	18
Samarbeid	20
Evaluering og resultat	23



Innleiing

Årsplan 2024 er den andre årsplanen for Temaplan for reiseliv i Vestland 2023-2025. Alt reiselivsarbeid i Vestland skal vere tufta på berekraftig utvikling, og kongstanken *Attraktivitet gjennom berekraft* står fast. I årsplanen har vi identifisert tiltak som skal sikre at vi skal nå måla i planen.

Enkelte av tiltaka er også avhengig av andre partnarar for å kunne gjennomføre tiltaka. Det er ikkje finansiering til alle tiltaka, og gjennomføring av desse krev at vi får dette på plass.

I tillegg til tiltaka i årsplan 2024 for Temaplan reiseliv kjem dei viktige møteplassane regionalt og lokalt, der partnerskapen og andre samlast for å diskutere og informere kvarandre. Her er møteplassen Reiselivsforum Vestland spesielt viktig der fylkeskommunen møter Innovasjon Norge Vestland, Statsforvaltaren i Vestland, destinasjonsselskapa, Fjord Norge AS, NHO Vestland og Hanen. Fylkeskommunen inviterer og fasiliterer denne møteplassen.

Årsplanen skal vere eit styringsverktøy for fylkeskommunen som planmynde. På slutten av året skal vi kunne sjekke av om tiltak gjennomført.

Arbeidet med årsplan 2024 for Temaplan reiseliv har sett til arbeidet med årsplan for regional plan for innovasjon og næringsutvikling og tilhøyrande handlingsprogram, samt arbeidet med årsplan for Temaplan landbruk. Vi har då sett spesielt på tiltak som overlappar eller som tangerer kvarandre for å sikre at planane utfyller kvarandre der det er hensiktsmessig.

Mål og satsingar

Visjonen og hovudmålet er vedteken i Temaplan for reiseliv i Vestland 2023-2025.



VISJON

Nyskapande og berekraftig reiselivsutvikling i Vestland.


HOVUDMÅL

Vestland fylke skal gjennom berekraftig reiselivsutvikling vere eit attraktivt val for kvalitetsbevisste gjestar som bidreg til lokal verdiskaping i Vestland.


Planen har seks satsingar →




Synlegheit



Forretningsmodell og struktur



Omstilling og utvikling



Heilårsaktivitet



Attraktive, lokale arbeidsplassar



Besøksforvaltning

For kvar satsing er det i tillegg etablert delmål for perioden 2023-2025

HOVUDMÅL: Vestland fylke skal gjennom berekraftig reiselivsutvikling vere eit attraktivt val for kvalitetsbevisste gjestar som bidreg til lokal verdiskaping i Vestland.



Synlegheit

Delmål 1 / Marknadsføring retta mot målgrupper som bidreg til best i tråd med planen sine intensjonar.

1. Bidra til Fjord Norge AS sitt arbeid
2. Støtte til destinasjonsselskapa i Vestland

Delmål 2 / Marknadsføringa av Vestland skal vere basert på ansvarleg turisme.

Ansvarleg turisme og marknadsføring ligg som ei føring i Standard 3.0 i Innovasjon Norge sitt program Merket for berekraftig destinasjon. I Vestland fylke er no alle destinasjonsselskapa anten sertifisert eller i prosess om å bli sertifisert.



Attraktive, lokale arbeidsplassar

Delmål 1 / Auke rekrutteringa til reiselivet i Vestland

1. Auke attraktiviteten til reiseliv som yrkesval.
2. Auke talet på læreplassar i reiselivsnæringane i Vestland.

Delmål 2 / Fleire med rett kompetanse i reiselivsnæringane.

1. Betre utnytting av Innovasjon Norge sine tilbod for reiselivsnæringa
2. Styrke dialogen med Kompetanseforum Vestland
3. Vurdere koplinga mellom utdannings- og opplæringstilbodet i Vestland og næringa sine behov.
4. Bruke Reiselivsforum Vestland og andre møteplassar til å auke samhandlinga og styrke felles kompetanseheving for destinasjonsselskapa i Vestland.



Forretningsmodell og struktur

Delmål 1 / Ein tydeleg struktur med klart mandat og tilhøyrande finansiering for destinasjonsleiing på reise målet.

1. Følgje opp tilrådingar frå evalueringsrapport Fjord Norge AS og bistå selskapet i kommande avtaleperiode

Delmål 2 / Tydeleg rollefordeling mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå i reiselivsorganiseringa.

1. Fellestenester for reiselivsstrukturen i Vestland



Besøksforvaltning

Delmål 1 / Utvikle ein modell for overordna berekraftig besøksforvaltning gjennom eit samarbeid mellom kommune, fylkeskommune og reiselivsorganisasjonane.

1. Starte hovudprosjektet
2. Utvikle samskappingsmodellen for besøksforvaltning internt
3. Auke kompetansen om besøksforvaltning internt og eksternt
4. Utvikle verktøykasse for besøksforvaltning



Omstilling og utvikling

Delmål 1 / Omstilling til styrka økonomisk berekraft.

1. Arbeide for høgare kvalitet på reiselivstilbodet i Vestland
2. Ei rikare reise: ei satsing for å utvikle mat og kultur som opplevingar som forlenger opphaldet og aukar verdiskapinga.

Delmål 2 / Omstilling til styrka sosial berekraft.

Styrka sosial berekraft er ein integrert del av prosjektet Besøksforvaltning i Vestland. Det er også eit mål i Standard 3.0 Merket for berekraftig destinasjon.

Delmål 3 / Omstilling til ei meir miljø- og klimavenleg reiselivsnæring

1. Identifisere lågterskel løysingar som kan bidra til betre tilpassa kollektivtransport for besøkande
2. Aktivt følgje opp og bistå destinasjonane sitt arbeid i Merket for berekraftig destinasjon



Heilårsaktivitet

Delmål 1 / Fleire bedrifter som er tilgjengelege heile året.


1. Gjere det lettare for gjesten å komme fram til tilbyder
2. Styrke tilbod eigna for skuldresesong og heilårstilbod
3. Opplevingar jakt og fiske

Delmål 2 / Vestland fylke skal betre legge til rette for at også barnefamiljar skal kunne besøke Vestland og få varierte tilbod til ein overkommeleg pris.

1. Tilrettelegging for lokalbefolkning og familiar
2. Tydeleggjere verdien av leikeplassar og område for barn



Synlegheit



DELMÅL 1 Marknadsføring retta mot målgrupper som bidreg best i tråd med planen sine intensjonar


TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	MERKNAD
Bidra til Fjord Norge sitt arbeid	Følgje opp avtale 2024-2025	VLFK er største eigar i Fjord Norge AS og støttar landsdelsselskapet med kr 6 000 000 i 2024 og 2025
Støtte til destinasjonsselskapa i Vestland	Støtte til destinasjonsselskapa er fordelt frå budsjett.	For 2024 er destinasjonsselskapa tildelt kr 3 500 000, fordelt med kr 500 000 til kvart selskap. Øyremerka omstilling og berekraft.

DELMÅL 2 Marknadsføringa av Vestland skal vere basert på ansvarleg turisme

TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	MERKNAD
<p>Ansvarleg turisme og marknadsføring ligg som ei føring i Standard 3.0 i Innovasjon Norge sitt program Merket for berekraftig destinasjon. I Vestland fylke er no alle destinasjonsselskapa anten sertifisert eller i prosess om å bli sertifisert.</p> <p>Vi skal setje ansvarleg marknadsføring på agendaen på Reiselivsforum Vestland.</p> <p>Dersom det blir gitt ekstra midlar frå fylkeskommunen til marknadsføring, skal det tydeleggjerast i tilsagnet at marknadsføringa skal være ansvarleg.</p>		



Forretningsmodell og struktur



DELMÅL 1 Ein tydeleg struktur med klart mandate og tilhøyrande finansiering for destinasjonsleiing på reisemålet

TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	MERKNAD
Følgje opp tilrådingar frå evalueringsrapport Fjord Norge AS og bistå selskapet i kommande avtaleperiode	Dei tre vestlandsfylka samarbeider gjennom eigarskapet til at selskapet kan møte ei ny tid	Viser til saka som føl avtale om 2024-2025 – fylkestinget PS 123/2023

DELMÅL 2 Tydeleg rollefordeling mellom lokalt, regional og nasjonalt nivå i reiselivsorganiseringa

TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	MERKNAD
Fellestenester for reiselivsstrukturen i Vestland	Bistå destinasjonane med betre løysing for statistikktenester, i samarbeid med Innovasjon Norge	Felles tiltak for Fjord Norge-regionen

DELMÅL 1 Omstilling til styrka økonomisk berekraft

TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	MERKNAD
Arbeide for høgare kvalitet på reiselivstilbodet i Vestland	Vurdere kompetansehevande tiltak for næringa. Samarbeide med Innovasjon Norge om å utforske gode løysingar for Vestland.	Balanse mellom produktutvikling og marknadsføringsinnsats
Ei rikare reise: ei satsing for å utvikle mat og kultur som opplevingar som forlenger opphaldet og aukar verdiskapinga	Søke å utvikle langsiktig satsing som har som mål å styrke mat- og kulturhistoriske tilbod i område der gjestane kjem på kjem primært for å oppleve naturen.	Vurderer det slik at eigen prosjektleiar er beste veg å gå. Krev midlar til gjennomføring.

DELMÅL 2 Omstilling til styrka sosial berekraft


TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	MERKNAD
Styrka sosial berekraft er ein integrert del av prosjektet Besøksforvaltning i Vestland. Det er også eit mål i Standard 3.0 Merket for berekraftig destinasjon.	Samarbeide med kommunar og destinasjonsselskap om lokal involvering i destinasjonsleiing.	

DELMÅL 3 Omstilling til ei meir miljø- og klimavenleg reiselivsnæring

TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	MERKNAD
Identifisere lågterskel løysingar som kan bidra til betre tilpassa kollektivtransport for besøkande	Starte dialog med MOK/Skyss	
Aktivt følgje opp og bistå destinasjonane sitt arbeid i Merket for berekraftig destinasjon	Dialogpartner og rådgjevar	



Heilársaktivitet



DELMÅL 1 Fleire bedrifter som er tilgjengelege heile året

TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	MERKNAD
Gjere det lettare for gjesten å komme fram til tilbyder	Identifisere mobilitetsløysingar retta mot lågsesong med fokus på miljøvenlege val. Følgje opp punkt frå Fylkestinget om betre kopling mellom hurtigbåttilbodet og reiseliv.	
Styrke tilbod eigna for skuldarsesong og heilårstilbod	Bidra til utvikling av reiselivsprodukt som er retta mot haust og vinter, for å sikre heilårsaktivitet.	Krev midlar til gjennomføring.
Opplevingar jakt og fiske	Undersøke lokal interesse hos grunneigarar for å utvikle opplevingar knytt til jakt og fiske, i første rekke hjortejakt. Forankre arbeidet opp mot Bondelaget/grunneigarar, om mogeleg.	Samarbeid med landbruk

DELMÅL 2 Vestland fylke skal betre legge til rette for at også barnefamiliar skal kunne besøke Vestlandet og få varierte tilbod til ein overkommeleg pris

TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	MERKNAD
Tilrettelegging for lokalbefolkning og familiar	Auke merksemda på verdien av barnefamiliar som kundegruppe. Fokus på nødvendig tilrettelegging av familievenleg infrastruktur og aktivitetstilbod som eignar seg for gjenkjøp.	
Tydeleggjere verdien av leikeplassar og område for barn	Dialog med kommunane og koplinga mot lokal samfunnsutvikling.	



Attraktive, lokale arbeidsplassar

DELMÅL 1 Auke rekrutteringa til reiselivet i Vestland


TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	MERKNAD
Auke attraktiviteten til reiseliv som yrkesval	Undersøke om Vestland fylkeskommune kan bidra til at det blir starta eit nasjonalt eller regionalt prosjekt	
Auke talet på læreplassar i reiselivsnæringane i Vestland	Bidra til å styrke koplinga mellom lærebedriftene og VLFK. Auke talet på lærebedrifter.	Prosjekt i regi av Høgskulen på Vestlandet

DELMÅL 2 Fleire med rett kompetanse i reiselivsnæringane

TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	MERKNAD
Betre utnytting av Innovasjon Norge sine tilbod for reiselivsnæringa	Oppfordre til at fleire aktørar nyttar seg av Innovasjon Norge sine ordningar.	
Styrke dialogen med Kompetanseforum Vestland	Setje reiseliv på dagsorden hos Kompetanseforum Vestland.	
Vurdere koplinga mellom utdannings- og opplæringstilbodet i Vestland og næringa sine behov.	Dialog med NHO. Samle informasjon om lærlingeplassar og behov for fagskule. Betre dialogen mellom NPI og OPP. Vurdere fagskule.	
Bruke Reislivsforum Vestland og andre møteplassar til å auke samhandlinga og styrke felles kompetanseheving for destinasjonsselskapa i Vestland.	Arrangere to møte i løpet av 2024.	



Besøksforvaltning



DELMÅL 1 Utvikle ein modell for overordna berekraftig besøksforvaltning gjennom eit samarbeid mellom fylkeskommune, kommune og reiselivsorganisasjonar

TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	MERKNAD
Starte hovudprosjekt	Invitere kommunar til samarbeid og saman ferdigstille oppdraget.	
Utvikle samskapingsmodellen for besøksforvaltning internt	Betre kopling mellom dei ulike avdelingar og seksjonar i fylkeskommunen der ansvarsområda tangerer mot besøksforvaltning.	
Auke kompetansen om besøksforvaltning internt og eksternt	Setje opp nettside for Besøksforvaltning der erfaringsdokument og rapportar kan bli samla	
Utvikle verktøykasse for besøksforvaltning	Tydeleggjere mogelegheitsrommet innanfor eksisterande rammeverk og gjere denne informasjonen lettare tilgjengeleg	



Økonomiske verkemiddel



Økonomiske verkemiddel

I budsjettet er det sett av totalt 9,3 millionar kroner til reiseliv, der 6 millionar kroner av desse går til Fjord Norge AS etter skriftleg avtale.

I samband med Årsplan 2024 Berekraftig verdiskaping, regional plan for innovasjon og næringsutvikling er det sett av totalt 1,5 millionar kroner til besøksforvaltning og oppfølging av temaplan reiseliv

Det er likevel enkelte tiltak som kan krevje ekstra midlar for å kunne gjennomførast.

Fleire av tiltaka i årsplanen krev ikkje nødvendigvis økonomiske verkemiddel, men at dei personlege ressursane på fagfeltet reiseliv har nok tid til å arbeide med dei.



Samarbeid





Samarbeid

Vi samarbeider med partnerskapen (Innovasjon Norge Vestland og Statsforvaltaren i Vestland), destinasjonsselskapa, Fjord Norge AS, kommunane i Vestland, og Rogaland og Møre og Romsdal fylkeskommunar.

I årsplanen bygger vi vidare på det gode samarbeidet vi har etablert i fylket og vil kople reiseliv tettare på Kompetanseforum Vestland.

Reiselivsforum Vestland og kommunar er viktige aktørar i oppfølginga av planen.

Reiselivsforum Vestland møtest to gonger i året og er Vestland fylkeskommune sitt høyringsorgan for reiselivsnæringa i fylket. Dei som er med i Reiselivsforum Vestland er:

- Destinasjonsselskapa
- Fjord Norge AS
- Partnerskapen
- NHO Vestland
- Hanen

Destinasjonsselskapa fylkeskommunen samarbeider med er Visit Bergen, Visit Fjordkysten og Sunnfjord, Visit Nordfjord, Visit Sognefjord, Destinasjon Voss, Visit Hardangerfjord og Visit Sunnhordland



Evaluering og resultat



Evaluering og resultat

Dette skal vi gjøre i 2024:

Tiltaka i årsplan 2024 Temaplan reiseliv er hovudsakleg ikkje målbare. Effekten av tiltaka vil derfor vere vanskeleg å sjå på kort sikt, men målet er at dei skal gi effekt på lang sikt.

Vi vil ved årsslutt gjere ei vurdering av tiltak som er gjort i 2024, og ei evaluering av desse.

Denne evalueringa vil bli tatt med i den endelege vurderinga og evalueringa av tiltak gjennomført i heile planperioden. Dette skal gjerast tidsnok til at erfaringane kan nyttast inn i arbeidet med rullering av plan.

Utvikling av reiselivet blir presentert på Innovasjon Norge sine innsiktssider, samt gjennom undersøkingar og analysar frå NHO reiseliv. Vi vil følgje med på desse.